



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Rådgjevar planforvaltning - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Alver kommune treng to rådgjevarstillingar på planforvaltning, for snarleg tilsetting.

Stillingane er retta mot saksbehandling av reguleringsplanar, områdereguleringsplanar og andre konkrete utbyggingsplanar.

Arbeidsplass

I Alver kommune vil ansvaret for plan vere delt på Arealforvaltning (detaljplanar, saksbehandling, gjennomføring) og Plan og analyse (overordna planar). I 2019 vil oppgåvene i praksis vere knytta til Meland, Radøy og Lindås kommunar, sidan samarbeidet om planar allereie har starta. Kontorstad i 2019 er rådhusa på Frekhaug og i Knarvik. Frå 2020 vil dei tre planmiljøa vere samla i større fagmiljø i Alver.

Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar arbeid med planar og plansaker som skal sikre at kommunen sine mål om vekst og utvikling blir gjennomført i praksis, både gjennom innspeil til overordna planar og strategiar, og gjennom konkrete krav til utforming, koordinering, samarbeid og tilpassing.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har relevant utdanning innan planfag og plansakbehandling, helst på masternivå, minimum på bachelornivå. Til dømes arealplanleggjar, sivilingeniør, samfunnsplanleggjar, arkitekt, geograf, eller ingeniørfagleg bakgrunn.

Relevant offentleg erfaring er av særstak betydning.

Du må like utstrakt kontakt med ulike partar og aktørar, samstundes som du må kunne ta ansvar og arbeide sjølvstendig.

Du må sjå verdien av ei tverrfagleg tilnærming til oppgåvene, og ha forståing for samfunnsoppdraget.

Vi tilbyr

Lön etter avtale.

God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 24.02.2019

Utlyst dato 05.02.2019

Vårref

113/19

Kontaktperson

Anny Bastesen, Sektorsjef Teknisk Meland, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no